

## Møtereferat

Dato: 10.03.2014

Til stades:	Bente Bing Kleiva, Marit Gro Berge, Sigrid Furnes og Ágúst Magnússon		
Kopi:	Ruth Ørnholt		
Emne:	Referat frå møte med Lindås og Meland bibliotek om modellbibliotek	Sak:	2014/13245-1
Møtetid:	19.02.2014	Møtestad:	Fylkesbiblioteket

**Møteleiar:** Sigrid Furnes**Referent:** Ágúst Magnússon

### *Orientering om prosjekta*

Marit og Bente orienterte om «Praksisfellesskap» og la fram arbeidsplan og idear rundt zone deling i biblioteka. Arbeidet startar med aktualisering av samlingane. Vi lufta litt kva «felles» i dette prosjektet betyr. Felles klede, felles fontar, felles namn, felles logo etc.. Dette er ting dei må ta stilling til.

Sigrid og Ágúst skisserte opp tankane i «Sterk, spenstig og klar» og la fram fylkesbiblioteket sine planar kring utvikling av «modellbibliotek»  
Ein gjennom gjekk også økonomien i prosjekta og kva fylkesbiblioteket kan bidra med.

### *Drøfting av tiltak og arbeid som skal gjerast*

**Samlingsutvikling:** Begge prosjekta føreset gjennomgang av samlingane, då Lindås skal ha hovudansvar for faglitteratur og Meland skjønnlitteratur. Like eins skal begge biblioteka få RFID brikkar. Fylkesbiblioteket kan stille med arbeidskraft i periodar for å hjelpa til med å setja inn RFID brikkar og litt til kassering. Aktuelt å starta dette arbeidet når bokbåten er gått ut. (Litt uklart her dvs. kor mykje kan Åshild vere der). Åshild Knarvik vil då vere i ein periode ein dag i veka på Meland/Lindås og hjelpe til først og fremst med brikking av samlingane. Tid og dagar må avtalast nærmare.

**Val av arkitekt:** Fleire forslag på interiørarkitektur vart drøfta, m.a. Mette Milling, Jorunn Rage og Anne Cicilie Hopstock. Etter drøfting vart ein samd om å prøve å få Hopstock til å ta på seg oppdraget med å sjå på og kome med idear korleis ein kan ominnreia hovudbiblioteka i Meland og Lindås. Det er gjennom prosjektet Sterk... ho vert engasjert. Ein skal få ho til å kome ein til to dagar i løpet av våren for å verte kjend med lokale og korleis dei er no, sida vil ho ha innleiing/førelsesing på Bibliotekdagane 2014 som er i Lindås, og etterpå vere igjen for å leggje fram og drøfte forskjellige idear med dei to biblioteka. Konsulent honoraret vil verta dekkja av Sterkprosjektet.

**Innreiing:** Innkjøp av inventar/utstyr vert spleiselag mellom biblioteka og fylkesbiblioteket, med omlag 50/50 fordeling. Biblioteka skal få RFID brikkar og det er ledd i å gjere dei meir opne og sikra samlingane.

### *Aktuell kompetanseheving*

Vi drøfta kva kompetanseheving var aktuell i dei to biblioteka, og her vil ein ta med nokre av forslaga: -Inspirasjonsseminar (felles forståing for endring og utvikling)

- Ny teknologi, bruk av basar (heile tida trong for oppdatering)
- Formidling, både munnleg og på nett (skriving for nettet)
- Nynorsk skrivekurs
- Sørvis kurs/Verkstad